

VARHAUGBUEN

VINTER PÅ VARHAUG
SIDE 5

SVALA 4H
SIDE 20 - 22

UNGDOMSRÅDET
SIDE 30 - 31

TIÅ MÆ MELKESPANN
SIDE 26 - 27



LIONS LAGAR TURSTIAR I HÅ SIDE 13

TO JÆRBUAR PÅ TUR



Sjur Håland

Ein ettermiddag i vinter var eg ute og gjekk tur. Lufta vitet. Det er alltid fort gjort.

På ein svart og blaut sykkelsti inn mot Varhaug såg eg ryggen av ein mann som gjekk i same retninga som meg. Han leda med 100 meter. Nå skal ikkje

eg påstå at eg er særleg sprek, men eg var nok ein smule kvikkare i stega enn han, så eg byrja å ta han att.

Det var noko skrekkeleg kjent med denne mannen som eg etter kvart såg profilen til då eg passerte.



Men eg veit ikkje kven han var. Varhaug har vakse og blitt større - det er umogleg å kjenna alle. Han kan ha vore ein tilflyttar.

Mannen var likevel ein typisk jærbu. Det er slikt du berre ser - utan at du heilt veit kvifor du ser det. Rundt 70 år. Mager med skarpe profiler. Ryggen var skeiv. Han var ikkje heilt i vater, for å seia det slik.

Tynnkledd. Du kunne sjå skulderblada stikka fram under den blå jakkeryggen. Og han halta litt når han gjekk. Vagga litt sånn kalvbeint. Sikkert klatt med hoftene, knea, akslene eller ryggen.

Han minna sterkt om ein skeiv og mosegrodd grå gjerdepåle i ei utmark på Jæren. Full av fliser og spikarhol. Ein påle utsett for kviger med kløe og sauer med makk i magen. Herja av kaldt regn, januar-klake, rennedrev i mars og sterk motevind i ei årrekkje.

Ein gammal jærbu med djupe forer i andletet og harde trevlar i nevane etter tiår på forskaling eller tømring. Eller eit heilt arbeidsliv med kampar mot fastkilte måkeanlegg og jordfast stein i tunge opptak. Ein jærbu driven av kva det nå i all verda er som driv jærbuen.

Ein jærbu som har fått drivstoff frå rå tankmjølk, skitne gulrøter, heimebakt brød og rullepølsa og ertersuppe med mjølne eple attåt.

Han såg ut akkurat slik dei jærbuane eg definerte som gamle såg ut då eg var liten. Det var eit gildt gjensyn dei sekunda det varte før det var hans tur til å studera min rygg og mitt ganglag.

Eg lurar på kva *han* tenkte ...

SpareBank
SR-BANK 
Sammen får vi ting til å skje.



S I B Y G G
NORRØN GRUPPEN

TRANVINTER

Denne vinteren har eg byrja med tran att. Det seier litt om kor mørkt og kaldt og fælsleg det har vore - og om korleis ulike forkjølingar og tilhøyrande feberrier har herja med meg.

Me fekk kvar vår skei med den seige væska i vinterhalvåret i barneåra. Smaken var ikkje noko særleg, oljekonsistensen var heller ikkje noko til å jubla av der den spinkle gutekroppen måtte tvinga greia ned i gjennom svelget.

Foreldra mine kalla tranen noko humoristisk for Lyse. Ordet skriv seg frå den eldgamle tida før elektrisiteten då tranolja vart brukt som drivstoff i kole-/tranlampene. Tranen som min foreldregenerasjon måtte førehalda seg til, smakte heilt forferdeleg. Og den var obligatorisk. Her frå Varhaug blir det fortalt at barna hadde med seg skei i ranselen og fekk det illelukande, seigtflytande fiskesloet utdelt på skulen. Ei slags tvangsfôring, med andre ord. Det nytta lite å vera kreativ og «gløyma» skeia. Då mørkna augo til læraren og



då risikerte du å få dobbel dose neste skuledag.

Rett frå kjøleskåpet er dagens Möllers Tran smaklaus og grei, medan konsistensen er lik som før. Problemet er ikkje å ta tranen, men å få den nye vanen inn i den daglege rutinen. For slikt er lett å gløyma. Eg er ein ivrig tilhengar av gule lappar på strategiske stadar. Det er likevel avgrensa kor mange gule lappar med kryptisk kråkeskrift rundt om i husværet Hustru er viljug til å akseptera, og eg slit med å få festa ein gul lapp med bokstaven «T» på skapet over vasken på kjøkkenbenken.

Takk og lov. Nå kjem lyset og våren. Då kan det bli aktuelt å gløyma det som er att i tranflaska og heller bruka væska til lampeolje på balkongen i sommar. Den kjem garantert til å halda myggen vekke.

Denne teksten er brukt med løyve frå Bondevennen.

FØRSTE GONGEN

Kvardagane kjem og går, men livet består også av ein del merkedagar. Ting skjer gjerne for første gong ein eller annan gong. Enkelte greier å hugsa det første kysset, eller barnefødselen ni månadar seinare. Andre hugsar korleis det var den gongen bilsertifikatet var i boks, eller dagen då tante Jofrid fekk fotlekkje for å ha køyrt i overlydsfart gjennom boksen.

Eg hadde ein slik merkedag like over nyttår. Då fekk eg den første telefonoppringinga frå eit barnebarn nokosinne. Det var stas. Jenta har bikka sju år med grei margin, og fann endeleg ut at ho ville slå på tråden til morfar. Det vil seie; ho slo ikkje på tråden. Ingen sjuåringer i Norges land veit kva det betyr å slå på tråden. Ikkje dei på sytten eller tjuesju heller.

Jenta har telefonapparatet sitt i ei klokke på armen. Det var den ho brukte då ho ringde meg. Eg hadde lagra nummeret hennar på mitt telefonapparat, men hadde ikkje venta at ho kom til å ringa med det første.

No slo ho som sagt på tråden. Eg såg namnet hennar

blinka friskt på apparatskjermen, og hjarta gjorde eit ekstra byks. Eg kjende det var stort. Men før eg rokk å svara, hadde ho lagt på røyret, sjølv om ho ikkje veit kva det betyr å leggja på røyret.



Så eg ringde tilbake. Prøvde fleire gonger. Endeleg løfta ho av røyret, og me fekk ein god prat. Eller eigentleg ikkje. Det vart ein kort, men likevel historisk samtale.

«Hei, det er morfar», sa eg.

«Eg trykte feil. Det var ingen ting. Ha det!», svara ho. Og la på røyret.

Denne teksten er brukt med løyve frå Bondevennen.

Første gongen eg hadde «audiens» hos ordførar Andreas Bjorland, var til nummer 3/23. Rett før eg skulle dit, kom nyheita om at kommunedirektøren måtte gå. Tenkte at dette måtte eg berre avlysa, for det måtte ikkje vera greitt for ein ny ordførar «å få dette i fanget». Men så kom eg på at eg skulle jo berre ha eit intervju med personen Bjorland, for å presentera han i bladet, så det måtte vel gå. Og kanskje kunne det og vera greitt for han å snakka om heilt vanlege ting?

Og det gjekk i grunnen greitt, og eg fekk dei personlege data om ordføraren eg var ute etter, for det var ikkje så mykje eg viste om han frå før. Men eg husker eg sa noko slikt på slutten at eg tykte det var leitt dette som hadde skjedd, og at det nok ikkje var slik han hadde tenkt seg ordførarjobben skulle starta.



LITT DRØS MED ORDFØRAREN

Det var ei noko lettare stemning på kontoret, då Varhaugbuen på ny hadde fått «audiens». Eg lurde på om han ville skriva noko til bladet, men fekk det svaret: «Kan du kje berre skriva noko sjølv?»

Men for å skriva sjølv, måtte eg jo ha noko å skriva om. Og eg hadde to spørsmål: «Koss går dæ» og «Noge nytt?»

Bjorland sa det hadde vore ein tøff start, og at han er takknemleg for all støtte gjennom prosessen. Men det var det einaste rette, og heldigvis hadde han dei andre kommunevalde med seg. Det var nokre tøffe dagar, men han er glad i ettertid at dei reagerte som dei gjorde. Den økonomiplanen, som Kloster hadde lagt fram, hadde ført kommunen heilt ut i uføret.

Men som ung og ny ordførar, var det nok ikkje slik han hadde tenkt/ynskt å starta jobben på. Det var knall-tøft, seier Bjorland, men heldigvis hadde han mykje gode folk rundt seg. Kanskje kan og noko slikt vera med som ballast ein annan gong?

Me var samde om at me bur ei ein god kommune, med god aktivitet på alle plan, frå barnehage til sjukeheim. Og det mest spennande nå, må verta bygging av den nye skulen på Vigrestad. Der slår ein to fluer i ein smekk, med skule både for Vigrestad og Stokkelandsmarka. Og ikkje minst med den nærleiken til det flotte idrettsanlegget, og felles bruk der. Nå hadde og statsforvaltaren sett at dette var fornuftig, sjølv om et gjekk med noko dyrka jord.

Vidare fortalde ordføraren at kommunen hadde sagt Ja til å ta imot 185 nye flyktningar, og det er ei ganske stor utfordring både reinte økonomiske og elles. Her må det skaffast husvære, plass til små ungar i barnehage, dei større i skulen, og dei vaksne må etter kvart koma seg ut i arbeid. Ikkje noko som berre kan ordnast over natta.

Elles fortalde ordføraren at han var mykje rundt i kommunen for å verta betre kjent, og på same tida sjå om det var ting ein kunne endra på og kanskje gjera betre.

Då eg møtte ham, kom han frå eit besøk på «Tunet, brukarstyrt senter». Og opplegget der, var han ganske imponert over. Det kunne eg seia meg einig i, for eg har tidlegare skrive om Tunet i Varhaugbuen, og den gilde sosiale samlinga mange nyttar seg av der.

Elles snakka me litt om «laust og fast», og eg nytta høvet til å spørja om han ville koma på årsmøtet til Varhaugbuen 15. april, noko han takka ja til. Så det var ein vel nøgd redaktør som gjekk ut av Rådhuset med denne helsinga: «Ja, du må berre koma innom ein annan gong, om det er noko du lurar på». Liv

Vinter

Eg lure på om eg bygnnar å gå i barndommen sidan det er så mykje snø som dalar ned. Tenkte då den kom i januar at det var greitt å få det gjort når det skal vera vinter. Men sukk, februar er ikkje betre. Helst verre så langt (eg skriv den 13. i dag). Den er blaut og tung å måka, så det vert mykje styrket-rening og det kjennest i armane. «Flytt i leilighet så slepp du måking», er det nok mange som meiner. Men det sit alt for langt inne. Det vil kjennast som fengsel eller institusjon. Eg trengje å ha friheta, og eg held meg mykje friskare med å bruka kroppen enn berre å sitja med spøtet i ei leilighet.

Akk ja, det var i grunnen ikkje snømåkinga som sette i gang skrivekløen, men noko eg høyrde av ei veninne. Ho hadde ærend på legekantoret då snøen var i januar. «Har du gått på ski opp», spurde legen. «Nei, eg har ikkje begsauma», svara ho. «Kva er begsauma for noko», undrast legen.

Kan henda er det lesarar av Varhaugbuen og som ikkje veit kva begsauma er, så då må me ha ei lita oppklaring. Det var sånne sko som me i gamla dagar brukte då me skulle gå på ski. I følgje Tobias Skretting si bok, «Jæren syng i merg og minne»: «Beksaumsko. Vanlege som skulesko om vinteren, og til vinterbruk generelt i min barndom».

Dialektorda har endra seg mykje sidan eg vaks opp. Språket dei unge brukar i dag vil eg nesten kalla for knoting. Så kanskje me i Varhaugbuen skulle hatt ei spalt med gode, gamle dialektord? Kanskje er det ikkje alle som veit kva rennedrev er heller? Dei kallar det for snøfokk.

Laurdag skulle eg bake bollar. Då eg hadde sett bolledeigen var det berre ein bitte liten skvett med mjølk att, så eg fant ut at eg fekk gå ned til stasjonen og kjøpa meir. For eg brukar mjølk i kaffien.

Eg kledde meg, og då begynte det å snøa. Men det gjorde ikkje så mykje. Det gjekk heilt fint å gå. Då eg var nesten heima, utforbi Hållå, så skrår vegen



litt. Eg sklei og mista balansen, og vipps, så låg eg langflat på magen. Eit skikkeleg magaplask med armar og bein rett ut. Eg kom meg opp i full fart og håpa ingen såg det. Skunda meg heim og baka ut bollane. Dei vart gode. Noko godt må ein ha i hus når det er rennedrev og vinter. Og så var det jo bollesundag dagen etter. Eg har nok fått meg ein litt unormal strekk i eine armen og magemusklane. Sånn går det når gamle folk trur dei er tøffe.

Ungane kosar seg i snøen. Så då får me gamle berre gjera det beste utav det og gled oss over at dagane lengjest. Snøen gjere det ekstra lyst. Så får me litt utfordringar å bryne oss på. Det er herleg å vera frisk og kjenna at kroppen lystrar. Når snøen forsvinn så kjem snøklukkene opp. Og vipps, når du les Varhaugbuen, så er sikkert lerka og vipa komen til Jæren.

God vår!

Brit Obrestad



VARHAUG KRISTELEGE UNGDOMSLAG: FLASKEINNSAMLING

Kvart år, fyrste laurdag i januar arrangerer Varhaug Kristelige Ungdomslag flaskeinnsamling for misjonsprosjektet vårt. I år hadde me innsamlinga vår den 6. januar. Me var ca. 70 ungdommar fordelt i 20 køyretøy, både bilar med tilhengarar, kassebilar, og traktorar med dyrekasse eller dyrevogn. Sjåførane fekk kvar si rute rundt på Varhaug, reiste og ringde på dører i heile bygda, og tømde lasset med flasker nede på bodle. Der stod folk klare til å ta imot flaskene, tømme dei over i infinitum sine sekkar, stripe att, og klistre på strekkode på kvar sekk. Totalt fekk me 142 sekkar med flasker. Til slutt samlast me på ungdomsloftet, og åt pizza frå Stasjons pizza og grill saman etter ein vel gjennomført dugnad.

Ungdomslaget starta å arrangere flaskeinnsamling rundt 2008, ein ny måte å få inn pengar til misjonsprosjektet. Tidligare blei flaskene kjørt til Hå Ølutsalg på Nærbø, og ungdommane var med å sortere flaskene i kassar. No er det enklare, me må berre tømme ut brusrestar, fjerne glasflasker og tømme flaskene over i infinitum sine eigne sekkar. Så kjem infinitum med lastebil og hentar sekkane.

Alle pengane me får inn går til misjonsprosjektet vårt. Det er todelt, kor halvparten går til Jordbrukskolens venner på Madagaskar, og andre halvdel går til KPK Ukraina. Pengane me gjer til Madagaskar går til stipend for elevar på jordbruksskolen Tombontsoa, mens pengane til KPK Ukraina går til nødhjelp der, noko som er spesielt viktig nå når det er krig.

Me har ennå ikkje fått tala frå årets flaskeinnsamling, men i 2023 fekk me inn om lag 57 000 kr frå sjølve innsamlinga, og nesten like mykje frå postkassen på Spar. Om du ynskjer meir informasjon om misjonsprosjektet vårt kan du gå inn på vakru.no. Ynskjer du å støtte prosjektet kan du vippse til 112699.

Og om du har flasker du vil gje, men ikkje vil vente heilt til neste års flaskeinnsamling med å få dei vekk, kan du pante dei på Spar Varhaug, og legge pantelappen i postkassen til vakru, ved sida av panteautomaten.

Christina



Eit brev.



Eg fann eit brev i postkassa mi nyleg, handskrive, sikkert frå ei dame tenkte eg frå uti frå skrifta. Rekna med at det var ein invitasjon til eit eller anna, verka litt for tynt til å vera eit takkekort.

Då eg kom heim fann eg to sider med skrift, og eg les slutten først:

«Med vennlig hilsen anonym Varhaugbu».

Vart først litt forbanna, vil folk meg noko kan dei vel stå fram med namn?

Eg starta med å lesa: «Jeg har over lengre tid tenkt på forskjellig når det kommer til Varhaug. Og håper at du på en eller måte kan skrive om dette i Varhaugbuen».

Og så var det lista opp 3 ting: **Varhaugmarken, Tenning av gran og Julelys.**

Så langt brevet.

Dette har eg diskutert med Reidar Skretting, som jo har ein fot i det mesta i stasjonen. Han likte heller ikkje det anonyme, så me vart einige om dette: «Vis kven du er, så kan me nok diskutera det du har nemnt. Ros og ris, og ikkje minst gode råd, tek me begge i mot, men då vil me veta kven me snakkar med».

Liv

ÅRSMØTETID

12. mars - Hå Idrettsråd

13. mars - Vennelaget for Lensmannsløa kl. 19.30

14. mars - Vennelaget for Lerbrekk skule

15. mars - Varhaugbuen

18. mars - V.I.L.

Dette kan verta ei travel tid, dersom du er med i fleire av desse laga.

Liv



FRÅ REDAKSJONEN

Eg lurde på kva eg var oppteken av i fjor på same tida, og fann fram blad 1/23. Der hadde eg skrive om 6-8 grader på morsdagen 12. februar og snøkløkker overalt, og at det hadde regna heile 29 dagar i januar.

I år har me hatt ein god del regn, men heldigvis kom snøen, både ein og to gonger. Siste gongen var det ganske grapse utanfor meg, for då var «brøydinjø» så som så. Men akkurat nå, 23. februar, skin sola fint, sjølv om det var øs pøs frå morgonen av. Tykkjer me har fått nok bløya nå. Det er fleire kjelve som har fått seg ein liten «andedam».

Men snøkløkkene viser at det går mot rett tid; mot vår og lysare dagar.

Som vanleg i starten av året, fylgjer det med ein giro. Me er optimistar, og håpar de ser med velvilje på denne.

På førehand takk!

HÅ SKULESJAKK

Skulesjakken er fortsatt på Bø skule på Nærbø på torsdagar frå 1730-1845. Vår-semesteret er starta opp. Og planen er å halde på fram til 6. juni. Planlagt å spele desse torsdagane: 7/3,14/3,4/4,11/4,18/4,25/4,2/5,16/5,30/5 og 6/6

Det blir Håmesterskap 6. april på Varhaug misjonshus. Det er gratisturnering for alle som er medlem i Hå skulesjakk og/eller bor i Hå og går på skole. Her blir det listt introduksjon og orientering ved Erik Høidahl, årsmøte for foreldre og pizza og brus.

Det er premiering i tre klasser med vandrepokal som settes på skolen til vinnerne. Der får pokalen stå til neste års Håmesterskap. Og når en skole har fått tre napp i pokalen blir den stående på skolen og vi får på pluss ny pokal til neste Håmesterskap. I fjor vant Vigrestad skule pokalen for nybegynnere for tredje gang. Den pokalen har vært brukt siden 2009. Ny pokal er sponsa av SPAR Varhaug.

Spilleklassene er: Nybegynner. «Kan litt», og Mester.

Og så pleier Hå skulesjakk arrangere VM i utesjakk under Varhaugmarken. I år 31/5-1/6.

Flere spillere fra Hå skulesjakk deltar i sjakkturneringer i Rogaland. F.eks nå 17. februar på Stavanger kristne grunnskole der det er BGP-turnering (Barnas Grand Prix) med 54 deltakere, av dem 18 nybegynnere.

16. mars skal det være KM i sjakk for skolelag med 4 spillere på hvert lag. Kanskje det er en skole i Hå som kan få med et lag? Det er egen klasse for videregående, ungdomsskole og to barneskolegrupper. (1-4 klasse, og eldre enn 4.)

Om det skjer noko i sjakk i Rogaland, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, <https://www.rogsjakk.rogaland-sjakk.org>

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, <https://www.facebook.com/hasjakk/>



«Kan litt» gruppa

SJAKK FOR VAKSNE

Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og spiller på onsdagar. Vi spiller i personal-kantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1800 til bortimot 2200.

Vårsemestert er i god gang med varierende små turneringer. Klubben har to spillere som gir sjakkopplæring for nybegynnere og for de som kan en del.

Og første helga i februar deltok klubben med to lag i Vestlandsserien sør, der de ene lagt havnet midt på resultatlista i første divisjon, mens det andre laget vant 2. divisjon og rykker opp en divisjon neste år.

Årskontingent er kr 750 for voksen over 20 år, kr 350 for juniorer og 150 for skolesjakkspelarar opp til 14 år. Då vert ein medlem i Jæren sjakkklubb og Norges Sjakkforbund og kan delta i sjakkturneringer overalt.

Velkommen til klubben. Klubben har egen nettside: <https://www.Jaerensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb». (sjå <https://www.facebook.com/jaerensk/>)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid



*Første rekke frå venstre: Helena Ånestad, Ingerd Ånestad, Anna Ånestad (faster på Ånest'), Tabitta Ånestad, Ingeborg Ånestad.
Andre rekke frå venstre: Margreta Vagle, Emma Ånestad, Leikny Ånestad, Birgit Kartevold, Borghild Ånestad, Ingebjørg Rangen,
Malena Mæland, Olaug Skjæveland, Margreta Ånestad, Rakel Obrestad, Olufine Ånestad, Ingeborg Ueland.*

Fotograf og årstal ukjent.

ÅNESTAD KVINNEFOREINING

Av og til blar eg i gamle bileter på leit etter eit eller anna, og så kjem eg over nokre skattar og mimrar bakover i tid. Eg kom altså over fleire bilete av Ånestad kvinneforeining som var tilslutta Det norske Misjonsselskap, NMS. I boka «Bilete frå Hå» les eg at foreininga starta hjå Marie S. Ånestad i april 1908. Dette var den fjerde av foreiningar tilslutta NMS. Frå før var det Auestad, Ueland og Lerbrekk. Auestad-foreininga er den eldste, og den som framleis er oppegåande. Dei andre er lagt ned. Kva tid foreininga på Ånestad slutta hugsar eg ikkje. Men mor, Rakel Obrestad døydd i 1990. Dei heldt på lenger, men slutta med basar før foreininga la opp. Dei siste åra som mor var med hadde dei møta sine på dagtid, og dei hadde mat med for at ikkje den som skulle ha møta trong gjere anna enn å koka kaffi. Dei var mange som var godt oppe i åra og kvitte seg for å laga til med mat.

Samlingane hadde dei rundt om i heimane, og det var alltid høgtlesing, først ein andakt, ofte av Ludvig Hope. Så las dei frå ei bok som handla om misjon, eller kanskje eit stykke frå Misjonstidende. Den som oftast las var faster på Ånest' eller Malena Mæland. Og så song dei frå Sangboken.

Då eg vaks opp var det også ei barneforeining for Ånestad-krinsen. Me begynte i den då me begynte på skulen, og var med til og med sjuande klasse. Det var Gudrun hjå Guttorm og Ingfrid hjå Hans som starta med barneforeininga. Kvart år var det basar på det litla skulehuset på Ånestad. Då det vart rive, fortsette dei med basar i løa hjå Lars Ånestad – seinare Torgny. Ei av dei som gjekk i sjuande klasse var formann. Me hadde ingen vaksne med oss anna enn då me skulle ha basar. Det var langt etter mi tid at det vart vaksne leiarar i foreininga. Dei heldt på ganske lenge med både barneforeining og basar i løa hjå Torgny. Men også det tok slutt.

Brit Obrestad



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllelvn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



Rilling av spilegub. Graving og drenering. Senking av kjeller. Utsvelling av fjøs.
Egil Haland 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com



UNGDOMSKLUBB I HÅ BLEI BEST I LANDET:

DETTE BEVISER AT JÆRSK DRØS OG VAS ER SUPER VIKTIG

Under landskonferansen til ungdom og fritid i Oslo i november, blei Loen ungdomsklubb kåra til Norges beste klubb. Alle dei tri kommunale ungdomsklubbane er like gode, men dette året var det Loen ungdomsklubb på Nærbø som blei kåra.

Dette på grunnlag at dei gjennom en årrekke ha de bygd opp et godt ungdomstilbud hvor de har vist at de tar ungdom på alvor. Dette har de fått til gjennom stort engasjement og pågangsmor frå dei ansatte, De har jobbet målrettet for å lage en god og trygg møteplass for ungdom i Hå kommune, på kryss og tvers av kjønn, etnisitet og bakgrunn - veldig mange frå Hå mottak som bruker tilbudet på Loen. De har vist at de er svært gode på å legge til rette for ungdomsmedvirkning, både i større prosjekter og ved aktiviteter med lav terskel for deltakelse. Ogna, Lensmannsløa og Loen ungdomsklubb er for alle dei som bur i Hå frå 8.trinn til 18 år. Det vært servert gratis mat og det vært servert mykje godt drøs og vas.

Annette



En alliansebank i **eika**.



Vi sponser, støtter og heier

Gode lokalsamfunn trenger idrettslag, idrettshaller, korps, bondekvinner, ungdomsklubber, bedehus og andre miljøbyggere. Jæren Sparebank heier på frivilligheten.

Telefon 915 03 290
www.jaerensparebank.no

 **jæren**
sparebank



VARHAUG BYGDEUNGDOMSLAG

Lørdag 17. Februar blei Årsmøte i Rogaland Bygdeungdomslag gjennomført. Ny leder blei valt og Varhaug BU stakk av med den jeve Tevlingsprisen for 2023. Som betyr at me har hatt mest tevlingar av adle lokallaga i Rogaland. Her får dokke eit lite innblikk av dei tevlingane me har gjennomført i 2023




Jærmester
BYGGER MED KOMPETANSE
www.jermester.no

MAU
MURERFIRMAET
AANESTAD & UELAND
Totalleverandør av bad og våtrom

BLI MEDLEM

- Gratis kroppsanalyse når du melder deg inn for 12 måneder (18-års aldersgrense).
- Tilbud om Pulsen start time.
- God kompetanse innen trening og kosthold.
- Spiske anseelse og tilgang til å trene akkurat når det passer for deg!
- Bredt utvalg av varierte gruppetimer og godt utstyrt sentral for egen trening.
- Åpent 24/7 med døkkedørr.
- Funktionell fitness (Crossfit).

Pulsen FUNCTIONAL FITNESS
@varhaugpulsen_H

VARHAUGS Pulsen
@varhaugpulsen_trainingssenter

VARHAUG PENSJONISTLAG



Varhaug Pensjonistlag starta året 2024 med åpent møte den 30. januar i Sosialt rom på Iden.

Der kunne leiar Bjørg Merethe Reiestad ynskja ca 70 personar velkomne til å høyra Brannsjefen i Hå Per Ivar Aniksdal og tilsett i Hå brannvesen Bjørg Særheim, som for tida arbeider innan brannvesenet med beredskap og førebyggjande analyser. Ho studerer i tillegg master i samfunnssikkerhet og beredskap.

Temaet for møtet var «Samfunnssikkerhet og beredskap i Hå kommune».

Samfunnssikkerhet - kva er så det? Det er eit veldig breitt fagfelt: Å beskytte verdier i Noreg - bl a demokratiet - mot truslar utanfrå. Arbeidet med samfunnssikkerhet er ein kontinuerlig prosess for alltid å fylgja med i utviklinga. Kva er truslar? Det kan være terror og sabotasje. Det har i det siste året fått eit mykje større fokus og auka medieoppslag, truslar me vert bevisste på osv. Dei siste 10 åra har det auka sterkt. Krigen i Ukraina har gjort oss meir bevisste på bl a forsvaret, nødvendig proviant - som eit eige beredskapslager heime. Brannvesenet bidreg også med å ta imot flyktningar, og gje dei opplæring i lover og reglar angående bl a brannforebyggjning.

Hå brannvesen har 43 tilsette der 7 stk arbeider på heiltid og av dei igjen har 5 stk kontor på Rådhuset. Dei tilsette er fordelt på Nærbø, Varhaug og Vigrestad. Det er antal innbyggjarar i kvar tettstad som bestemmer korleis beredskapen skal byggjast opp. Alle tilsette må ha ei grunnutdanning og i tillegg «kurs seg» med jamne mellomrom. Det kan vera eit krevjande arbeid og dei gjer ein fantastisk job. No har og kommunen bestemt kor den nye brannstasjonen på Nærbø skal byggjast, og alle tilsette gler seg til å ta denne i bruk - planen er at den skal stå ferdig ein gong i fyrste halvdel av 2026. Den nye plasseringa vil styrkja beredskapen til sentrum av Varhaug.

Brannvesenet har og ei eiga beredskapsavdeling i Hå kommune.. Dei har +/- 200 utrykningar i året. Ca 20 bygningsbrannar årleg, trafikkulykker - er en stor andel, og at brannvesenet rykkjer ut ved hjertestans og helseoppdrag kan og nemnast. I 2023 hadde norske brannvesen ca 31 000 såkalla unødige alarmer. I Hå er også denne type utrykning en stor

del av oppdraga. Boligsameige skil seg litt negativt ut på denne statistikken. For å avverga denne type alarmer er det viktig at ein ringjer kjapt inn til 110-sentralen. I Hå er brannvesenet dei fyrste på plass i ca 80 % av utrykkjingane. Er som regel næraste ressurs som kan hjelpa oss.

Årleg dør det rundt 40 personar i brann i Noreg. Personar innan rus og psykiatri, arbeidsinnvandrarar, og eldre heimebuande som mottok heimebaserte tenester er høgt representert blant dei omkomne.

Takk til Hå brannvesen for eit interessant og lærerikt foredrag.

Ellers på møtet hadde me allsang, til musikk av Agnes Varhaug og Sølvi Elin Solås - vårt faste husorkester. Me hadde åresalg og trekning, og me kosa oss med kaffi/te og påsmurde skjever.

Me har hatt mange gilde møter og turar i 2023, og planane framover er slik:

Årsmøtet tirsdag 27.02.2024, der fylkesleiar i Rogaland Pensjonisforbund Herdis Gunn Rødne vilorientere. Etter årsmøtet får me underhaldning av Harald Oftedal, som vil fortelje gode vitsar og skrøner.

Tirsdag 26.03.2024 er det lova foredrag av ordførar Andreas Bjorland. Dette kan verta spennande.

Tirsdag 30.04.2024 har Pater Kjell Arild Pollestad lova å koma, og det vert nok og spennande å høyre på.

Tirsdag 28.05.2024 skal me på busstur. Akkurat kor me skal reisa er framleis litt i det blå, men me diskuterer og «planerer» så det vert forhåpentlegvis ein fin og spennande tur. Kan henda vert det ein litt lengre tur - med overnatting?

Til hausten - i august, startar me opp att etter ferien.

Varhaug Pensjonistlag har 188 medlemmar pr 01.01.2024.

Skulle du ikkje vera ein av desse er det noko du kan gjera noko med. Ta telefonen og ring 412 20 538 så kjem du til Bjørg Merethe Reiestad og vert ynskt hjarteleg velkommen på laget.

Me gler oss til å sjå akkurat deg.
Helsing
STYRET i Varhaug Pensjonistlag



LIONS CLUB HÅ HAR ANSVARET FOR VEDLIKEHOLD AV NOEN TURSTIER I HÅ KOMMUNE

I 2023 laget vi til trapp ifm med stien som går opp til Smøråsen via Grønåsen i Ogna. I tillegg la vi en ca 60 meter lang «bro» på stien (over myr) opp til Bjørndalsniben som også ligger i Ogna. Disse to prosjektene har vi også fått mange tilbakemeldinger på at det vart godt. Akkurat der trappa vart rigga opp, hadde det skjedd flere uhell.

Den lengste stien er Kongevegen fra Hå gamle prestegard fram til Haarr som er 16 km lang. Her er det påler som må males, noen må skiftes ut og så har vi en del gjerdeklyvere. Av og til vil trinnene gå i stykker og vi må da skifte disse ut.

Vi har et par mann i arbeid på hver sin sti med å vedlikeholde de forskjellige stiene vår og høst. Dette er et samarbeid med Hå kommune som har gjort avtale med grunneierne og vi utfører arbeidet. Dette får vi også inn litt for dugnadsarbeidet i form av penger fra Hå kommune. Disse pengene går videre til vårt arbeid med å støtte en del svake grupper i samfunnet.

Vi i Lions Club Hå har valgt å dele opp slik at vi har ca 15 forskjellige stier. En eller to personer på hver sti. Totalt har ca 20 personer deltatt på denne delen av dugnad. Vi er pr. idag 42 medlemmer, hvorav mange over 75 år.

For å få dette til har vi søkt et par sparebankstiftelser om støtte til dette arbeidet. Vi har over 2 år fått kr. 55.000 fra «Sparebanken Sør turstimidler» som dekker både materialer og dugnadsinnsats. Så har vi fått lovnad på inntil kr. 50.000 fra «Sparebankstiftelsen SR-Bank» som skal brukes til materialer i løpet av dette året.

Dersom du oppdager at det er mangler eller ting har blitt ødelagt, vennligst ta kontakt med et medlem i Lions Club Hå. Eller en i styret: <https://ha.lions.no/styreoversikt/>



INNSATS FOR ANDRE

Hei, me er ei lita gruppe i Innsats for andre på Varhaug Ungdomsskule som skal arrangere Basar. All inntekta me får skal gå til forskning på CP (Cerebral Parese).

Det skal vera 12. mars, klokka 18.00 på Varhaug misjonshus, Ånestadvegen 21. Du kan kjøpe gode kaker, kaffi og saft. Me har fått inn mange fine gevinster frå lokale sponsorar. Som for eksempel ein flott vase, mange gavekort eller eit puslespill.

Me gjer dette, fordi det er sosialt for både yngre og eldre. Men også, fordi forskning på CP er ein viktig sak som me ønsker å støtta. CP er forkortelse for Cerebral parese, som er ein utviklingsforstyrrelse i hjernen.

Dersom du ikkje får til å koma så hadde det våre veldig kjekt viss du ville støtta oss ved å vippse til 122 816.



Mia Jelsa, Oda Mæland, Selma Skeie Olsen, Magli Varhaug, Rine Varhaug, Tora Marie Dalen-Håland, Ingrid Våge og Margrete Aanestad


BILVASK
Få 5 vask til prisen av 3
Gjelder på utvalgte stasjoner med Tiger Wash.
Verdikupongene er kun gyldig med kvittering, stempel og signatur fra betjeningen.
Gyldig 1 år fra kjøpsdato.

PLATINUM
5 FOR 3
FÅ 5 VASK TIL PRISEN AV 3

Esso
Varhaug Servicenter A/S
Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED

FOTO KLUBBEN



Tema for januar i Varhaug fotoklubb var mat og drikke. Her kommer noen bidrag fra årets første klubbkveld.

VARHAUG
hud & fotterapi

HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no

SERVICE • DELER
• REPRASJONER

ABRØR

Sørskogvegen 8, 4364 Sirevåg

Tlf 48 50 97 80

post@abror.no

F.V Kristoffer og Casper Holm, Lasse Hadland, Storm Mæland, Kasper Lindefjeld (foto Martin Mæland)



Elgane har det siste året hatt veldig god rekruttering av nye førere til Quad fra 4 til 19 førere, dette er en sport med plass til alle og det er veldig god fysisk trening. Mesteparten av nye førere er fra 5- 12 år. vi har utlåns ATV og sikkerhetsutstyr for å komme å prøve, Treninger er hver lørdag fra 10- 14.00 og torsdags kvelder i sommertid. Dette året skal vi ha ytterligere fokus på rekruttering og håper mange nye førere melder sin interesse, treninger består av fritrening, teknisk kjøring, Felles pauser der ungene leker sammen uansett om de ikke kjenner hverandre fra før eller går på samme skole.



NM og Quad Of Nations.

Premiering:

- 1 Plass NM Open A
- 3 Plass sammenlagt Open A
- 3 Plass sammenlagt Open B
- Quad of nations 8.plass
- 5 førere fra 6-12 år har også deltatt på NM og NC (6 løp) og fått pokaler

Det er veldig gøy å se de små nye førerne som får prøve første gang og gleden dette gir. vi har sterkt fokus på inkludering, samhold og trivsel.

Om noen ønsker å komme å prøve så er det bare å ta kontakt

mvh Martin Mæland - Leder Quad Elgane



Martin Mæland og Storm Mæland 7 år





90-årsfesten (1967)

1. rad f.v.: Gurina Skrettingland, Maria Skrettingland, Malena Skretting, Kirsten Ejjestad, Gurina Skretting.

2. rad f.v.: Berta Skretting, Hanne Kvía, Berta Bratland, Elen Odland, Rakel Håland, Anna Skretting.

3. rad f.v.: Astrid Skrettingland, Gudrun Skretting, Aslaug Skretting, Randi Moi, Mari Skrettingland, Kari Åmodt, Elbjørg Skreting.

AUESTADBASAREN

Gjennom året er det mange lag og organisasjonar som arrangerer basar, for å få inn pengar til eit og anna prosjekt.

6. januar er ein kjent dato for mange i Varhaug. Det var då «Auestadbasaren» vert halden.

Eg skreiv om denne basaren i 2018:

«6. januar var det igjen tid for denne basaren, og denne gongen klaffa datoen med ein laurdag. I gamle dagar var basaren på Auestad skule, men har dei siste åra vore på misjonshuset, den første laurdagen i januar. Dette trur eg er den eldste basaren i bygda, og vart i år halden for 141 gong. 6. januar har alltid vore dagen, noko som mange minnest med ganske tøft vinterver med rennedrev. Men folk held seg ikkje heime av den grunn. Dei kom med helst og slede»

I år klaffa og den 6. januar med ein laurdag, og basaren vart altså nå halden for 147 gong. Det må vera litt av ein rekord!

Det har vore mange i styret for denne misjonsforeninga opp gjennom åra, og felles for alle har vore Auestad skulekrins, som dei har følt ein fellesskap til. Dei som er i styret nå er: Solfrid Skretting, Myrthe Tjemsland, Oddveig Moi, Herdis Reinås, Leid Varhaug, Leikny Aanestad og Gerd Skretting.

Ingen vert yngre med åra, men denne gjengen håpar helsa vil halda slik at dei om 3 år kan få feira den 150 basaren.

Varhaugbuen ynskjer dei lukke til med planane for dei neste åra.
Liv

Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN

Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvinnelag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for
Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykel klubb,
Varhaug Pensjonistlag
og Vennelaget for
Lennsmannsløa

Styre :

Leiar:

Terje Vik - Bedriftsforeninga

Nestleiar

Gaute Ødemotland - Bondelaget

Sekretær

Per Arvid Jakobsen - Misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad - Lerbrekk skule

Styremedlem

Sondre Malmin -

Bygdeungdomslaget

1. vara

Ingvar Reiestad - Lerbrekk skule

2. vara

Anne Mette Tunheim -

Vennelaget for Lensmannsløa





Er du klar for en real styrkeprøve? Nærbø Løpelaug (Enn lavterskel løpe gjeng, fra Varhaug, og en som bor på Nærbø, som har bestemt navnet) i lag med Bjerkreim IL og Arvid Mæland skal arrangerer løp fra Ørdsalsvatnet til toppen på Skykulå.

Nærbø Løpelaug jogger tur fast hver søndag morgen, før søndagsskolen. I lange tider har de snakka om at det hadde vært spennende og prøvd seg fra Ørdsalsvatnet og opp til Skykulå. Problemet var bare, nedover igjen. Det er ikke kjekt og løpe i nedoverbakke i en mil. Så i vår kontaktet de Arvid Mæland siden han er eier av området og har nøkkel til bommen. Han sa at om de sprang opp, stilte han som sjøfør ned igjen. Dato ble satt og Arvid inviterte på Facebook, at de som ville bare måtte stille opp. En liten gjeng fra Bjerkreim IL stilte sporty opp, og var med på løpeturen til toppen. Etter på hadde vi kaffe i Kongstova, og da ble idéen til Kongsløpet født.

Så i år 25.mai går løpet av stabelen. Det blir 11,3km og 846 høydemeter. Det blir tidtaking, matstasjoner, deltakermedalje og premie til vinnere. Første deltaker opp vil bli kronet til Kongen, eller Dronning av Kongsløpet. Etter løpet blir det servert mat til alle som deltar, og publikum kan kjøpe. Og om du er i tvil, alle vil bli kjørt ned igjen om de ønsker. Det skal kun løpes opp.

Vi har også fått Rune Bjerga til å stille som humørspreder og hare opp til toppen.

På Varhaug er det mange løpeglade. Så vi håper at de stiller på løpet. Folk vi snakker med sier at di ikke kan være med på grunn av at det er så mye oppover. Faktisk er det nesten bare oppover. Vi ser ikke hva de er redde for, etter dette løpet er fullført vil alt av løp bare bli en lek etterpå.

Påmelding er på Racetracker.no, det er også en Facebook side. Den finnes om det søkes på Kongsløpet.

Terje Vik



MELKEMØTE

11. januar arrangerte VBL melkemøte i lag med produsentlaga til Tine på Jæren og Rogaland Bonde og Småbrukerlag, her møtte ca 200 bønder på Samfunshuset på Nærbø og fekk høyra rep. frå NBL, Tine og NBS om fremtidas melkepris.

Det vert på møte lagt mest vekt på dagens situasjon med for lite melk til marknadsregulator og lav melkepris. 24. januar reiste VBL til medlemsmøte i Tysvær, der møtte vi medlemmer i Tysvær Bondelag på rådhuset i Aksdal. Det vert ei hard overfart over fjorden, reisesjuketabeletter og frisk luft var nok grunnen til at ingen kasta opp på overfarten. Ståle Hustoft leder i Rogaland Bondelag og Jostein Harbo leder i Tysvær Bondelag tok godt i mot dei 6 jærbuane med ustødig gange. God mat og god Innføring i landbruket på nordsida av fjorden hjalp på motet til overfarten til heimturen, den vert forøvrig omdirigert til Hanasand.

29. januar var det igjen tid for Stormøte på Varhaug.

Det er eit opent Landbruksmøte arrangert av Bondelaga i Hå, SR Bank og Hå Kommune. Tema var ER DET LYS I TUNELLEN. Landbruksministeren vår Geir Pollestad, Bjørn Gimming NBL og Ola Hedstein Rethink Food. Tom Hetland var møteleder og styrte med stødig hand programet. Her møtte ca 400 + ca 2000 som streama møtet på Jærbladet.

I februar og Mars begynner Årsmøta i dei forskjellige Samvirka. Møt opp og få med det som vert set på agenda for neste år .



Mvh Styret VBL



VELKOMMEN TIL SVALA 4H



Vil du ha ein meningsfylt fritid, skape gode minner, bestemme kva du vil læra ved å gjera eller bli kjend med andre frå heila Hå/Rogaland/Noreg/verda? Start i Svala 4H!

Målet til okke i Svala er at me skal utvikla ein aktiv og samfunnsengasjert ungdom med ansvarsfølese og respekt for natur og menneske. Målet finner me igjen i 4H løftet: **«Me lover å arbeide mot det mål å varta ein ungdom med klart hovud, varmt hjarta, flinke hender og god helse»** (dei fire H ane). 4H er ein landsomfattande barne- og ungdomsorganisasjon, som er livssynsnøytral og partipolitisk uavhengig. I 4H er det medlemmane som bestemmer! Dei bestemmer kva dei skal gjere av aktivitetar, utforske og kva dei vil læra om. Gjennom «å læra av å gjera» utvikler dei seg til å varta aktive unge mennesker med praktisk erfaring og sosialt engasjement. Alle klubber har eit klubbstyre. Det er dei som bestemmer kva me skal gjere i

klubben. I Svala 4H består styret av åtte unge 4H-arar. Helga 16.-18. februar er fleire av dei på styrevervskurs på Ognå for å lære meir om sitt styreverv. (Meir info kjem her) Me har intervjuar dei åtte i styret med nokre spørsmål for å finna ut om 4H er noko for deg:

1. Kva er ditt verv?
2. Kva er det kjekkaste med 4H?
3. Kva er ditt beste 4H minne?
4. Kva prosjekt skal du ha i år?
5. Kvifor vil du anbefale andre til å starte i 4H?



Sondre Risa Aanestad



Jon Engelsvoll



Ingrid Vaage



Oda Mæland

1. Eg er leiar i styret.
2. Å reise på leir.
3. Eg har mange gode 4H minne.
4. Bygge ein mobil badstu.
5. Dæ er jillt!

1. Æg er nestleiar i styret.
2. Samvær, ha lag i andre.
3. Ein tur æg hadde saman med Sondre i prosjektet «Mat på bål» i fjor.
4. Bygge badstu på til henger.
5. Det er godt sosialt. Du får mange gode egen skaper du ikkje får andre plasser!

1. Eg er sekretær.
2. Det er annleis i forhold til sport. Eg lærer mykje om det eg vil og aktivitetene varierer.
3. Under åpen himmel.
4. Min konfirmasjon.
5. Du får ein annerledes opplevelse. Du lære å vera sjølvstendig og lære ting på egenhånd.

1. Eg er kasserar.
2. Folkå, leirane.
3. Fylkesleiren i Årdal i 2022.
4. Min konfirmasjon.
5. Det er jille medlemsmøter og jille folk.



4H-plakett

I byrjinga av året startar medlemmane med sitt prosjekt. Dei gjennomfører prosjektet og stiller ut prosjektet deira på ein haustfest i slutten av oktober. Det nye med 4H dette året er måten medlemmane samlar poeng på. Dette blir kalla 4H løpet.

4H-løpet

4H løpet er ulike måtar til å samle poeng på. Gjennomføre oppdrag, ha verv eller aktive roller i klubben og delta på leir eller kurs. Kvar medlem som samlar 1000 poeng mottar plaketten (plaketten er den høgaste utmerkelsen som deles ut til medlemmer over 18 år). Dette året har Svala rekordmange som kan motta plaketten om dei fullfører året, heile 8 stk! Dette er me utroleg stolte av.

Me gler okke til eit nytt 4H år! Frå klubbrådgivarane i Svala.

Lene Elin



Sunniva Kartevoll



Selma Aanestad



Lars Joakim Årdal Nesvik



Kine Helene Fjermestad

1. Styremedlem.
2. Folkå og det me gjer.
3. Å reisa på leir.
4. Hund.
5. Du møter nye folk. Du får drive på med det du har lyst til og ha jille prosjekt.

1. Styremedlem.
2. Det sosiale.
3. Fylkesleiren.
4. Traktorlappen.
5. Bli kjent med nye folk.

1. Styremedlem.
2. Dæ æ sosialt.
3. Paintball og under åpen himmel.
4. Motorcross.
5. Jille folk.

1. Styremedlem.
2. Møte nye folk og gjer nye ting.
3. Fylkesleir.
4. Styre.
5. Eg vil anbefale det til andre for å prøve nye ting og oppleve mykje jillt.

ULIKE AKTIVITETER I 4H

I november hadde me innmeldingsmøte for nye medlemmer på Bygdahuset, der fekk dei informasjon om 4H. Me håper at fleire av dei som var på møtet nå er medlemmar i klubben. Møtet blei avslutta med ein bingo. I desember hadde me julemøte på barneskulen. Her var det mange jille 4H-arar. Me hadde mange kjekke aktiviteter så medlemmene kunne velge mellom: Pepperkakepynting, juleverkstad, just dance og aktivitetar ute. Når me var ferdige med aktivitetane åt me graut.

I januar var me på grøden og gjekk på skøyte, og plukka søppel. Me hadde fleire gilde konkurranser på isen bl.a kappløp rundt øya i midten på vatnet. Den som plukket mest søppel fekk premie. Me grilla og kosa oss.

I februar reiste me til Klepp på Fram-cup. Dette er ei stor volleyballturnering for 4H lag i Rogaland. Me fekk med oss Ingve Skretting som volleyballtrenar. Me hadde fire treningar i lag før turneringa. Svala 4H hadde to lag, eit juniorlag og eit seniorlag. Begge laga vant og tapte. Før kampane begynner har me innmarsj. Her marsjerer alle 4H klubbene i Rogaland inn og stiller opp. Her spelar seniorane. Dei var elleve spelarar og hadde ein kjempekamp siste kamp de spelte!

Kine Helene Constanze Fjermestad



VB VoldenTollefsen

W Murmester
Waldeland & Dubland

Slakteren
HÅT MESTERKLASSE
R.SKRETTING A.S

NYTT FRÅ MISJONSHUSET

No skjer det snart noko. Byggeprosjektet som har en totalkostnad på 5,7 millioner kjem snart i gang.

Arbeidet startar opp i vinterferien. Det betyr at det vert dognad med rydding av lager og anretningskjøkken allerede 17. februar og uka etter. Spennende tider framover, nesten 20 år etter siste store byggearbeid på misjonshuset.

Vi regner med at planlagte store og små møter, sangøvelser og styremøter og eldretreff går sin gang. Det første som skjer er at det blir satt opp en skillevegg i gangen foran området der innvendig byggearbeid skal foregå.

Eit litt spesielt arrangement vert det når ungdomskuleelevar skal arrangere basar til inntekt for forskning på CP. (Cerebral Parese). Det vert 12. mars kl 1800. Møt godt opp.

Årsmøte for misjonshuset vert torsdag 21. mars.

Der vert sang- og musikkfest 10. mars og Herrekveld 22. mars.

Ellers har Sentrum menighet møter kvar søndag, og har samlingar for unge vaksne eingong i månaden.

Dersom nokon vil ha konfirmasjonsselskap på misjonshuset i år så vert det vrient,- det er no bestilt leige til 4 konfirmasjonsselskap,- pluss 80-årsdagar og anna slag selskaper.

Sjå elles program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time.

Hugs at ein kan tinga rom ved bruk av internett:

https://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no


Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.
Med helsing, Per-Arvid

MINGLEOMRÅDE

Det er planlagt bygging av stort mingleområde med tekjøkken i vestibylen, nytt lager i første etasje samt flere grupperom i andre etasje.

For å realisere byggeplanene på Varhaug misjonshus skal vi samle inn 3,5 millioner.



KONSERT PÅ STASJOEN PUB

Trur ingen hadde tenkt at dette kunne skje på Varhaug. Tenk konsert med presten, Jan Erik Westen og Kathrine Håland Varhaug på puben. Jan Erik er ivrig fotballentusiast, og han har helst vore fast gjest på Puben når Manchester Unite spelar. Og han liker og godt å gå der, for å vera med på «Kvissen». Trur han har vist folk på Varhaug at det korkje er syndig eller farleg å gå på pub.

Jan Erik har nå slutta som prest på Varhaug, og gått over til ny jobb i Sandnes som prest hjå Bypresten. Her skal han vera dagleg leiar, og komibera administrativt arbeid med tid i rusmiljøet. Men han skal framleis bu på Varhaug.

I høve denne arbeids-endringa, ville Olav på Puben, heidra han litt i avskjedsgudstenesta. Så under post-ludiet dukka Silo & Saft opp i kyrkja med musikken sin. Dette visste ikkje Jan Erik noko om, så det var ikkje berre kyrkjelyden som vart overraska av slutten på den gudstenesta.

Og så vart det altså 2 konsertar på Puben og ein på Voll juletegard.

Eg var på den første Pub-konserten, og storkosa meg. At Kathrine er flink til å syngja, det visste eg jo frå Iden, men eg var ikkje klar over den flotte stemmen som Jan Erik hadde. Ja, han imponerte både saman med Kathrine, og som solist. Og ikkje minst med to songar på italiensk og «O helga natt».

Ein skulle kanskje tru at på ein Pub vil det vera litt rassing og kanskje litt drøs. Det er det nok ein vanleg kveld, men under konserten var det like stilt som i kyrkja. «Stidlare, sa pubvert Olav, for i kyrkja høyre me av og til lyd frå ein unge eller to».

Konserten var lagt opp i to avdelingar, og i pausen gjekk Kathrine rundt i lokalet mellom gjestene og song ein Carola låt. Eg fekk ein god drøs med Jan Erik, der eg fekk sagt kor positivt eg tykte dette arrangementet var. Og det heile toppa seg då alle på Puben reiste seg og song med på «Deilig er jorden». Ei fin avslutning på ein gild og minnerik kveld.

Då eg møtte Jan Erik i teltet på Torjå, der han var med ungane, fekk eg takka han for ein fin konsert og ein gild kveld. Og eg trur han sjølv og var vel nøgd med konsert-kvelden.

Varhaugbuen ynskjer Jan Erik lukke til med nytt arbeid på Sandnes. Og sidan han skal bu her, og sikkert fortsetja å sjå fotball på Puben, så vert det kanskje konsert ein annan gong og??

Liv





FØREMIDDAGSKAFFI

Velkommen til ei roleg føremiddagsstund der det blir lese høgt frå noveller, dikt o.l.
Ta gjerne med strikketøy, eller berre kom og lytt.

8. februar besøk av Kjellaug Aanestad Varhaug som snakkar om "Oppvekst på Opstad".

11. april besøk av Gaute Øgreid Rasmussen som snakkar om "livet i tropiske strøk"

30. mai besøk av Sigrud E. Jacobsen som snakkar om "Eit heldig arbeidsliv, frå elektronikk til internasjonalt arbeid".

**VARHAUG
KL. 11.00**

 BIBLIOTEKET I HÅ

I FEBRUAR OG MARS ER DET

HOBBYAKTIVITET

**KVAR ONSDAG
KL. 15.00-17.30**

PÅ VARHAUG BIBLIOTEK

Me legg fram enkle hobbyaktivitetar for barn.
Førskulebarn ilag med vaksne.

 BIBLIOTEKET I HÅ

Opningstider i vinter- og haustferie

Ogna: Tysdag kl. 9-12 / Onsdag kl. 14-18 - Varhaug: Tysdag kl. 9-12 / Torsdag kl. 14-18



**Torsdag
21. mars
kl. 18.00
Varhaug**

FORFATTARBESØK AV BJØRN HATTERUD

Bjørn Hatterud kjem til Varhaug og snakkar om boka Blokka på Bjerke. Tretten år i tredje etasje. Det er ei gripande forteljing om Hatterud, livet for bebuarane i ei Oslo-blokk frå 1960-talet, sorger og gleder, nære vennskap og endringane som har skjedd med både området, blokka og Hatterud sjølv.

Arrangementet inngår i Hå kommune si markering av «Veka for gjensidig respekt». I tidlegare bøker har Hatterud skildra livet som homofil og funksjonshemma med bakgrunn i arbeidarklassen på bygda.



BIBLIOTEKKINO PÅ VARHAUG



**TYSdag 23. APRIL
KL. 12.15**



MINNE FRÅ «TIÅ MÆ MELKESPANN»

Det er eit gamalt ord som seier: »Om 100 år eg alle ting gløymt». Men ein treng ikkje venta 100 år, vanlege ting forsvinn ut av minnet, mange gonger mykje tidlegare.

Dette har Astrid Topdal gjort noko med, og laga ein times film, om noko som var heilt vanleg på bygdene for nokre titals år sidan; det å køyra mjølkespanna frå gardane og til meieria. Sjøførane, som hadde denne slitsame jobben, år ut og år inn, vart mest «limet» som heldt bygda saman.

Astrid vaks opp på Topdal, og vel vaksen gjekk tankane tilbake til foreldra og beste-foreldra, og slitet og kavet på eit bureisingsbruk. Og ikkje minst tenkte ho på farmora, som frå ungdomsskulealder hadde hatt teneste på gardar både på Ueland, Risa, Engjane og Tvihaug, då ho kom som ung kone til Topdal.





Når Astrid kjørde over Jæren, såg ho mange velstelte gardar og nye fjøs. Men ho såg og gamle og tome bygningar, og tenkte; ja, desse har og hatt sitt liv. Og det som vart ein film om gardslivet før, starta med at faren Otto Topdal i juli 2023, ville ho skulle laga ein liten filmsnutt om den gamle mjølkerampen heima på Topdal, viss han sette den opp att ute ved vegen. Så kunne dei spørja Leif Kåre Egeland om han ville kome med sin Mercedes 1953 modell. Astrid hadde ikkje erfaring med filmlaging, men spurde om sonen Melvin ville filma med drone. Farmorr på Topdal, ho skulle dei filma saman med mjølkerampen, det var i grunnen einaste planen med tanke på ein 10 minutts film.



Men etter kvart så «badla» det berre på seg. Mange frivillige sa ja til å vera med, dei fann mellom anna fram gamle tids-riktige klede, og Astrid såg at her var det så mykje gløymt historie, som det var viktig å ta vare på.

Og yngre folk har jo ingen aning om alle meieria som var før. Eg tek med dei som er nemnt i filmen; Ogna, Vigrestad, Varhaug, Undheim og Ålgård. Eg har sett filmen 2 gonger, og eg kjem nok til å sjå den ein gong til. Det er utruleg det Astrid og gode hjelparar har fått til.

Ho har vore og synt filmen fleire stader. Starta på Samfunnshuset på Undheim, tidlegare Undheim Meieri, og var nyleg på å Fjordkjøkken, som før var meieriet på Varhaug. Det må ha vore ganske spesielt å syna filmen i dei gamle meieribygga.

Eg tykkjer dette burde vore ein film for skulane, ein levande historie-time! Eg tykkjer og at her bør kommunen koma på banen. Dei er alltid flinke til å heidra idrettsfolk og andre som gjort ei bragd. Og viss ikkje dette arbeidet som Astrid Topdal - med mange gode hjelparar rundt seg, fortentar ein ekstra heider, så veit ikkje eg.

Liv



LENSMANNSLØA UNGDOMSKLUBB 2023:

Me har gjort utruleg mykje kjekt i løpet av året, og besøkstala i 2023 var høge: mellom 70 - 119 ungdomar var innom oss kvar tysdag. I slutten av november begynte og einslege mindreårige frå Hå mottak å koma.

I haust når nye 8. trinn starta merka me stor aukiing, men fleire ramla litt av i slutten av året. Me ser at mange ungdomar kjem med toget frå både Vigrestad og Nærbø.

Me har hatt ope kvar tysdag frå 14-20 gjennom heile året, også i feriar og høgtider. Tilbodet er gratis for ungdom frå 8.trinn - 19 år.(frå 2024 vert det 8.trinn -18 år) Me serverer gratis varm mat og dessert/kake kvar gong.

Ungdomsklubben har arrangert bingo og basar, feira halloween, hatt nissefest, julebord, påskeløp og mini-17.mai. Me har hatt fleire aktivitetar som smykke-laging, brettspel, konkurransar, bingo, ute-kveld med rebus, vinyltrykk og buttons-laging. Me har reist på kino, vore på Fangane på fortet, og nå i vinterferien skal me på skitur til Stavtjørn med ungdomane. I vår arrangerte Ungdom og Fritid klubbkamp, som var ein digital konkurranse mellom 100 ungdomsklubbar i heile Noreg. Me i Lensmannsløa ungdomsklubb har eit sjukt konkurranseinstinkt, og gjekk «all in». Me fekk ein fin 3.plass, og vann ein Nintendo switch.

Klubben har vore kjempeheldige og søkt om, og fått pengar til utstyr, og på denne måten fekk me kjøpt diverse gaming-utstyr,Playstation 5, VR-briller og Soundbox av midlar frå Frifond (Ungdom og fritid). Nye gaming pc-ar og lacertag har kome på plass nå i 2024. I tillegg har me fått Partybox med DJ-funksjonar, vinylmaskin til kaffikoppar og racing-stol med ratt og pedalar til Playstation.

På hausten hadde nye 8.trinn frå Varhaug og 8.trinn frå Vigrestad kvar sin dag dei var på besøk på Lensmannsløa. Då arrangerte me «vanleg Klubbdag» Dei fekk mat, og fekk nytta seg av heile lokalet og me hadde bingo. Dette såg me var vellukka, for då fekk ungdomane møta og bli kjende med personalet og sjå kva tilbod me har i ungdomsklubben. Utfordringa er at Lensmannsløa ofte er utleigd på dagtid, så det er vanskeleg å finna tidpunkt som passar for alle.

Det er mange ungdomar som nyttar seg av tilbodet, så me har sett oss nøydd til å bruke vikarar. Me er 3 fast tilsette og 2 læringar. Me har brukt 1-2 vikarar kvar kveld gjennom hausten. I tillegg har klubben hatt

6 valfag-elevar frå Nærbø ungdomsskule og Varhaug ungdomsskule i praksis, og det fungerer bra.

I august så kjem skal Annette og Linda reisa til Bodø forhåpelig med 16 ungdommar frå både Lensmannsløa, Loen og Ogn ungdomsklubb. Satse på at søknad og påmeldingen er oppe å går kvart øyeblikk.

Me er ein god gjeng voksne som arbeider i Lensmannsløa, me er genuint innserisert at ungdommane skal ha det godt. Hå kommune har ei satsing på kriminalførebyggande arbeid, og skal gjennom satsing på samordning av lokale kriminalitetsførebyggande tiltak (SLT), koordinera all innsats for barn og unge under 20 år. Målet er å få alle til å dra lasset saman, samkjøra ressursar og at barn og unge skal få hjelp til rett tid av eit hjelpeapparat på tvers av tenestoområde og faggrupper.

Kriminalitetsførebygging (SLT) - Hå kommune (www.ha.no)

Ungdomsklubbane har eit veldig godt samarbeid med SLT, og det er me veldig glade for, så langt har me heldigvis ikkje hatt behov for å samarbeida med politikontakten direkte

Me ønsker å være ein trygg og god plass for ungdomane.

Me ser fram til eit nytt og kjekt ungdomsklubb-år, der det aller beste er GODT DRØS OG VAS - også endel tjas. Alle som bur i Hå frå 8.trinn til 18 år er hjarteleg velkomne.

Med vennleg helsing
Lensmannsløa ungdomsklubb



NYTT ÅR OG NYE ARRANGEMENT I LENSMANNSLØA

Vi har evaluert våre første tre arrangement i Lensmannsløa og er godt fornøyde med oppslutningen fra folk. Første møte i 2024 viste at vi allerede hadde mange nye ideer til arrangement og de fleste er allerede bekreftet. De vil bli promotert fremover så følg gjerne med på vår facebookside «Kultur i løa» og billetter kan som alltid kjøpes på [Linticket.no](https://www.linticket.no).

14. mars - Sett av kvelden for General Forsamling og påskekoncert i Lensmannsløa på Varhaug. Her får de høyra påskeplata «Steidn», som er den jærskje versjonen av David Olney si påskeplate «The Stone».

Generalen har bytt ut nidviser om brennevin og kvinnesvik med formidling av påskeevangeliet.

Som Tønnes seier «Detta e ikkje Ten Sing eller ein ivrige predikant med kassegitar, detta e Generalen. Stemmen e liga grove så før men synge nå om ein så snakke te fålk om kjærlighed. Rolig og monotont males tekstane fram, rørane og ekta»

18. april - Pater Pollestad forteller om sitt liv i Roma. Et humoristisk og innholdsrikt foredrag.

August - Vi planlegger en hagefest i august. Her er ikke alt bekreftet enda så stay tuned på Kultur i løa sin facebookside.

Høst - Vi inviterer til ny boblelunsj i Løestova i Lensmannsløa. Det blir i ca samme drakt som sist - boblesmaking, lunsj og sommerens kolleksjon fra Fix it. Det blir garantert god stemning som sist.

20. september - Den jærskje poeten Tobias Skretting skildrer med sine frodige tekster livet og hjemstedet på Jæren på en lys og inderleg måte. I Lappeteppe ble det tonesatt av Torstein Obrestad. Besetning: Anita Bekkeheien - sang, Torstein Obrestad - sang og tangenter, Gunnar Tønnesen - sang og gitar, Trond Gudmestad - trommer og gitarer, Oddvar Berentsen - bass og sang.

13. desember - Julekoncert med Jæren Gospelkor i Lensmannsløa. Her blir det god steming.

Cecilie Løvås



Ungdomsrådet 2024

Bak frå venstre: Oline Stokkeland, Amalie Fjellheim, Odin Hobberstad, Ada Håland, Lasse Vollevik

Framme frå venstre: Rebekka Håland, Sunniva Kartevoll, Lea Berge Jensen, Avona Sofie Haugen nestleder, Thilde Skretting utvalsleder, Sandra Kristensen

UNGDOMSRÅDET

Ungdomsrådet/URÅ i Hå, har gjorde duale møje jilt i 2023 - og møje spennende i vente i 2024. Me arbeider med mange forskjellige saker og arrangement. Det viktigaste er at ungdomsrådet er for og med ungdommer. Me som sitter i ungdomsrådet skal være ungdommens talerør og stemme overfor politikere. Me fremme saker som ungdom er opptatt av til politikerne.

Me arrangerte Neon party, som blei en suksess med 118 ungdommer.

Verdensdagen for psykisk helse 2023 blei markert ved å arrangere åpen klubb også i samarbeid med ungdomsklubbane i Hå.

Ungdomsrådet i samarbeid med ungdomsklubbane i Hå utførte utvekslingsprosjekt til Kroatia. Tema for utvekslingsturen var «Interkulturell forståelse og bærekraft» Det var 16 ungdom frå Hå som deltok. I forkant hadde deltakarane frå Hå fleire møter for å bli kjende og og laga workshops. 01.04.2023 - 07.04.23 reiste dei 16 norske ungdommane til Kroatia. 11.04.2023 - 16.04.2023 kom dei Kroatiske ungdommane til Norge.

9. September var det Markusløpet, det er bara så jilt å få være med på. Det var Thilde Skretting, Ada Håland og Alva Dubland Reime som stilte som løypevakt denne gang.

Jul i parken var bara heilt fantastisk, godt ver og god stemning. Alle styremedlemmene for 2023 stilt med salg av popcorn, sukkerspinn og pinnevaffel. Vi hadde også gratis ansiktsmaling og snurring av lykkehjul.

Me fekk innspill om flere farlege krysse og mangel på gatelys. Me var med å påvirka til flere bysykler og gratis bind i skulane m.m

Me som sitter i ungdomsrådet skal være ungdommens talerør og stemme overfor politikere. Me fremme saker som ungdom er opptatt av til poli-

tikerne. URÅ skal også gi råd til kommunen når de skal bestemme noko nytt. Det vil sei at kvar gangn-politikerene vil gjær noko nytt så spør dei kva URÅ meiner. Har du noko du er opptatt av så bruk oss. Den store saken ungdomsrådet skal jobba med i 2024 er mulegheten for å få til en kommunal åpen møteplass for ungdom på Vigrestad.

Ungdomsrådet består av 15 faste representanter, 10 av desse er i frå ungdomsskulane i Hå, 2 frå kvar skule Dei 5 resterande representantane er frie medlemmar i alderen 17-19 år.

Nå er vi i gang igjen og klare for 2024 med nytt råd. Har du noko på hjarta og noko som opptek deg, så snakk med ein av oss i ungdomsrådet.

Beste helsing ungdoms koordinator, Annette Jensen Gimre



Ein av fleire saker som blei arbeida med i fjor.



Det aller første ungdomsrådet møte med nye medlemmer. Rune Roaldsen, kommunalsjef oppvekst (konst.) og ungdomskoordinator Annette Jensen Gimre fortell hvilke oppgaver ungdomsrådet har og hva det innebær.

**HERREDSVELA
TRANSPORT**
TLF: 900 75 500
Vi løser det meste innen kranbil
jorgenherredsvela@yahoo.no

**HELLA
MASKIN AS**

**Varhaug
Park & Hage**
Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

Nytt frå Lerbrekk

Me er alt kome godt i gang med 2024. Det var sundagskafe den 4. februar med ca. 20 innom. Så vert det sundagskafe også den, 3. mars. Årsmøte vert torsdag 14. mars.

Torsdag den 7. desember hadde me graudafesten. Leiar Sigbjørn Varhaug kunne ynskja hjarteleg velkomen til om lag 50 Lerbrekk-vener. Ute bles det ein kald sør-aust kuling, men inne i skulestova var det varmt og fint pynta til fest. Eit hjarteleg velkomen fekk også til Hilde Ilona Dæhlen Aniksdal som skulle kåsere for oss: Frå tyskerunge på Hadeland til bondekone og lærar på Vigrestad. Det var interessant å høyre korleis ho fortalde frå barndom og til livet nå. Ho har skreve fleire dikt, og las nokre for oss.

Fjerde dag jul, den 28. desember vart det juletreffest att, takka vere Dag Varhaug, Oddrun Aarsland, Agnes Varhaug og Mariann Dalen Husvegg som tok ansvaret for å arrangere dette. Ca. 50 kom på juletreffest. Det vart ganske trengt då dei gjekk rundt juletreet, sa Dag.

Gjesteboka fortel at minst 1934 har besøkt oss i 2023. Det er ikkje alle som er innom som skriv seg i boka. Dette fordeler seg på 2 barnedåpselskap, 6 gebursdagar, 1 bryllaupsfest, 4 konfirmasjonar, 4 minnesamvær, 4 sundagskafear, 5 familie-/slektstreff. Me er glade for at mange brukar skulen til ulike selskap/arrangement.

Styret i 2023 har vore: Sigbjørn Varhaug, leiar, Brit Obrestad, Oddvar Ånestad, Dag Varhaug og Ingunn Reiestad. Varamedlemer: Aud Torunn Hobberstad og Oddvar Varhaug. Revisorar; Ingvar Reiestad og Øystein Bratland. Rekneskapet syner eit lite overskott som dekker opp underskottet for 2022. Me treng aktivitet på skulen for at inntekter og utgifter skal balansere. Og me treng fleire medlemmer sidan medlemmane blir eldre og mange fell frå. Du treng ikkje ha vore elev på skulen for å verta medlem. Alle er velkomne.

Brit Obrestad

**Det vert årsmøte for
Vennelaget Lerbrekk skule torsdag
14. mars 2024 kl. 19.00
Program: Vanlege årsmøtesaker
Mat, kaffi, drøs og utlodding
Odd Dubland blir med og vil snakka om
kristenretten i Norge - 750-årsjubileet for
Magnus Lagabøte-loven.
Medlemer og andre interesserte,
hjarteleg velkommen!
Styret**





JULEVERKSTAD I STASJONEN

- eller kanskje eg skal seia på Torjå?

Som Varhaug misjonskirke annonserte i sist nummer av bladet, så hadde dei før jul aktivitetar på den fine plassen me har fått mellom Sentrumsgården og Rådhusgata. Dei hadde sett opp eit stort telt der ungane kunne snekra fuglekassar, eller pynta julekule og bord/stolar der me kunne sitja ned med drøs og mat. I tillegg var det 2 boder der ein kunne få graut, kaffi, gløgg og sukkerspinn. Eg hadde oversett at det stod at alt var gratis i annonsen, så eg vart ganske overraska då eg ville betala for grauten og kaffien.

Ungane var veldig ivrige i snekringa. Nokre fekk litt hjelp, men det var mange som var ganske flinke med hammaren. Ei jente frå Ukraina, som bur og går på skule på Nærbø, var der saman med eit par, som eg tok for å vera besteforeldra, og dei budde på Varhaug. Og ho viste stolt fram fuglekassen ho hadde laga.

Dette var eit veldig gildt arrangement, så det er berre å håpa at kjem tilbake ein annan gong og. Liv



MEDLEMSMØTE 25. JANUAR



Første møte dette året var 25. januar i Løa. 46 personar hadde møtt opp for å høyra Berit Gudmestad Bjørheim snakka om bruk av nye og gamle grønnsaker. Vi fekk smaksprøver av mellom anna tomatpesto og chips av grønnkål. Ho viste og kor enkelt det er å laga sylta rødløk og ga tips om kva den kan brukast til. Ho viste og nye grønnsaker som vi kan finna i grønnsaksdisken og korleis vi kan bruka dei. På førehand hadde ho laga squash- og søtpotetsuppe som vi fekk servert.

Oppskrifter fekk vi og. Som vanleg var det åresalg og gevinstante var sjølvstekt ulike grønnsaker.



HÅ MÅLLAG

KONSERT MED BJELLAND & MANNSKAPET

TEMA: Musikk og Dialekt

På Jæren har me lang tradisjon for å synge på dialekt. Alt ifrå Vind i Garhol, Jærrock til General Forsamling - for ikkje å snakka om Kaizers - er glimrande eksempel på dette - med stor lokal og til og med internasjonal suksess.

Hå Mållag vil gjerne utforske dette litt vidare og denne gongen går me litt utanfor komfortsonen og hentar ei gruppe frå Nord-Rogaland som har stor suksess på sine heimtrakter. Sveinung Bjelland - nøkkelperson, songar og tekstforfattar i ei rekke band som Pakkers, Matpackers, Bjellands Ugras og Bjelland og Lofthus Spelemannslag stiller denne gongen opp med Bjelland & Mannskapet - ei gruppe som er stolte av å synge på Sandeid-dialekt.

Repertoaret er alt frå amerikansk folk-inspirert musikk, via salmar og folkeviser til Bjelland sine eigne songar - lett bunde saman med nokre røvarhistorier.

I tillegg blir det ein god drøys om kva som er hensikta med å synge på dialekt med to nestorar på dette området frå kvar sin del av Rogaland - Asgaut Steinnes frå Jæren og Sveinung Bjelland frå Ryfylke / Nord-Rogaland.

Er dette musikalsk snobberi eller er det med å ta vare på identiteten vår?



**Torsdag
14. mars
kl. 19**

**Biblioteket på
Nærbø**

**Konsert med
Bjelland & Mannskapet**

Folkrock-gruppe frå nordfylket som spelar alt frå norske og amerikanske folkeviser, via salmar til Sveinung Bjelland sine eigne viser - samt nokre røvarhistorier!

Temasamtale om musikk og dialekt med Asgaut Steinnes og Sveinung Bjelland: *Kva er vitsen med å synge på dialekt?*

Inngangspengar: Kr. 200,-

Arrangør: Hå Mållag i samarbeid med Hå folkebibliotek

PROGRAM FOR VARHAUG BYGDEKVINNELAG VÅREN 2024

21. mars	Filmvising; Frå melke-spannets tid.
11. april	Strikketur til Kristiansand.
18. april	Møte på Bondekompaniet i lag med Hagelaget.
30. mai	Tur «På oppsida av linjå».
Juni	Dagstur til Hjelmeland

Arne Reidar Hæåk attvald som leiar i Hå Mållag

På årsmøtet 6. februar, vart Arne Reidar attvald for eit år. Med seg i styret har han Oddvar B. Høyland og Inger Størseth Haarr. Jon Arne Silgjerd, tok 2 nye år. Det hadde ikkje lukkast å finna ein ny i styret i staden for Elisebet Rugland. Styret fekk difor fullmakt frå årsmøtet til å finna den andre. Mållaget har 64 medlemar – ein meir enn i fjor. Har du lysst å vera med i Mållaget, så er det berre å ta kontakt med ein i styret.

Hå Mållag la fram ei fyldig årsmelding, som mellom anna viste til eit godt samarbeid med Hå folkebibliotek. Dei hadde hatt eit særskilt arrangement på Ognå med Jarle Obrestad og Helge Torvund.

Dei har og hatt samarbeidsmøte med Jæren mållag, der dei diskuterte korleis dei kunne nå ut til barnehagane, ved å gje dei bokpakkar og songhefte på nynorsk. Vibereiret barnehage fekk slik bokpakke i mars. Så er det å håpa at dette kan vera ein god overgang til skulen og språket dei møter der.

Etter søknad, fekk Mållaget kr. 10.000 frå Sparebanken vest. Dette gjorde dei i stand til – for første gong - å dela ut ein nynorskpris. Denne fekk Nærbø-revyn for gode innslag på jær-dialekten.

Liv

STOFF-FRIST

Stoff frist for neste blad er

10. mai 2024

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller leggja det i postkassa til Liv.

GODE ORD

Teller du år,
blir livet kort.

Teller du dager,
går livet fort.

Teller du timer,
varer livet en stund.

Men lengst varer livet
om du nyter
hvert sekund.





Datahjelpen.IT as

Vesthagen 2, Bryne
Åpent hverdager 8-17.00

**Datahjelpen
hjem på døren**

**til bedrift og
private kunder**

Skitten PC?

Vi rengjør på stedet, bytter vifter ved behov



**Unngå varmgang og driftstopp!
Bestill SERVICE i dag**

☎ 51485000 🌐 www.datahjelpen.it



**Bonde
Kompaniet**
Varhaug

Helgjødse 15 l
2 for 479,-
pr. sekk 299,-



**Hage-
gjødse
25 kg**

599,-

**Hagekalk
25 kg**

179,-



Felleskjøpet

Rogaland Agder — siden 1899

Velkommen til BondeKompaniet Varhaug
Åpent 8-17 (9-14)

Forbehold om trykkfeil og utsolgt

bondekompaniet.no